



Fellesadministrasjonen
Postboks 113
6801 Førde
Telefon: 57 82 97 00
Telefaks: 57 82 97 01
Org. nr NO 946 670 081 MVA
www.ssf.no

Medlemene av generalforsamlinga og styret.

Førde, 01.03.2024

Vår ref:

Dykkar ref:

INNKALLING TIL GENERALFORSAMLING I SPAREBANKEN SOGN OG FJORDANE

Det vert med dette kalla inn til generalforsamling i Sparebanken Sogn og Fjordane:

Fredag den 22. mars 2024, kl. 14:00 – 16.00

Møtet blir gjennomført **digitalt på teams**. Vi ber deltakarane om å stadfeste deltaking så tidleg som mogleg, ved å stadfeste innkalling sendt per e-post.

Sakliste:

1. Registrering av frammøte.
2. Val av ein person som er til stades til å skrive under møteboka saman med møteleiar.
3. Godkjenning av innkallinga.
4. Godkjenning av saklista.
5. Orientering frå administrerende direktør.
6. Godkjenning av årsrekneskapen og årsmeldinga for 2023, under dette disponering av overskot og utdeling av utbyte.
7. Fastsetting av godtgjersle til revisor for 2023.
8. Val av revisor.
9. Styret si fråsegn om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette.
10. Styret sine retningslinjer for fastsetting av lønn til leiarar (generalforsamlinga sitt vedtak er rådgjevande).
11. Retningslinjer for tildeling av eigenkapitalbevis, teikningsrettar, opsjonar og andre former for godtgjersle som er knytt til eigenkapitalbevis i sparebanken, til tilsette.
12. Fullmakt til kapitalauke og kjøp av eigne eigenkapitalbevis.
13. Val av styremedlemer.
14. Val av medlemer og varamedlemer av valnemnd for val til generalforsamlinga.
15. Fastsetting av godtgjersle til tillitsvalde.

Denne innkallinga med vedlegg er tilgjengeleg på banken si internettside www.ssf.no.

I samsvar med vedtektene § 3-7 vert ikkje vedlegga til innkallinga sende med post til medlemene av generalforsamlinga. Saksdokumentasjon og vedlegga blir lagt ut på www.ssf.no og på www.newsweb.no 01.03.2024. Dersom ein medlem likevel ønskjer å få tilsendt dokument per post, kan førespurnad rettast til Lillian Loen på telefon nr: 905 70 484, eller ved å sende ein e-post til lillian.loen@ssf.no

Vi ber om at dei som ikkje har høve til å møte melder ifrå om dette snarast råd og seinast fem dagar før møtet til Lillian Loen på e-post: lillian.loen@ssf.no, slik at varamedlem kan kallast inn.

Varamedlemer får saklista til orientering, men møter berre etter nærare innkalling.

Styreleiar og administrerande direktør skal vere til stades. Ved gyldig forfall skal det utpeikast vararepresentant. Andre styremedlemer kan vere til stades. Styremedlemene og administrerande direktør har rett til å uttale seg på generalforsamlinga.

Vel møtt!

Med helsing
SPAREBANKEN SOGN OG FJORDANE

Lise Mari Haugen
styreleiar

Saksdokument

Sak 1-2 Registrering og val av person til å signere møteboka

Ingen saksdokument utover innkalling ligg føre

Sak 3 Godkjenning av innkalling

Skriftleg innkalling er sendt til alle medlemmer og varamedlemmer av generalforsamling 01.03.24. Innkalling er med det sendt minimum 14 dagar før møtet i generalforsamlinga skal finne stad, jf. finansføretakslova § 8-3 (1) og allmennaksjelova §§ 5-10 og 5-11 b.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga godkjenner samrøystes innkallinga

Sak 4 Godkjenning av saklista

Innkalling med sakliste og saksdokument er gjort tilgjengeleg på banken sine heimesider www.ssf.no den 01.03.24, i samsvar med finansføretakslova § 8-3 (1), allmennaksjelova §5-11 a og vedtektene § 3-7. Innkalling og saksdokument er også gjort offentleg gjennom Oslo Børs si meldingsteneste www.newsweb.no den 01.03.24.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga godkjenner samrøystes saklista

Sak 5 Orientering frå administrerende direktør

Administrerende direktør vil orientere om drift og strategi i møtet.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga tek orienteringa til vitande

Sak 6 Godkjenning av årsrekneskapen og årsmeldinga for 2023, under dette disponering av overskot og utdeling av utbytte.

Sparebanken Sogn og Fjordane sin årsrapport følgjer som vedlegg nr 1.

Årsrapporten inneheld mellom anna:

- Styret si årsmelding
- Resultatrekneskap, balanse, eigenkapitaloppstilling, kontantstraumoppstilling og noteopplysingar
- Utgreiing om styring av verksemda
- Berekraftsrapportering for banken

Administrasjonen vil orientere om rekneskapen i møte. Revisor vil gjere greie for si revisjonsmelding i møte.

Årsoverskotet som generalforsamlinga skal disponere er som følgjer:

Resultat etter skatt morbank	kr 831.787.312
Renter til hybridkapital	kr – 28.179.750
Til disposisjon	kr 803.607.562

Framlegg til vedtak

Årsrekneskapen som vedlagt vert godkjent som banken sin årsrekneskap for 2023.

Generalforsamlinga vedtar at årsresultatet for 2023 vert disponert som følgjer:

Utbytte (kr 25,00 pr EK-bevis)	kr 487.079.675
Gåver	kr 20.000.000
Utjamningsfond	kr 211.351.860
Kompensasjonsfond (grunnfondskapital)	kr 85.176.027
Sum disponert	kr 803.607.562

Utbytte skjer på grunnlag av eigarsamansetning pr 22. mars og med utbetaling 4. april.

Styret si årsmelding, revisjonsmelding og utgreiing om styring av verksemda vert tatt til orientering.

Sak 7 Fastsetting av godtgjersle til revisor for 2023

I samsvar med finansføretakslova § 8-17 skal generalforsamlinga godkjenne ekstern revisor si godtgjersle. Godtgjersla følgjer av rekning og er spesifisert i note 26 til rekneskapen. Godtgjersla er også handsama i revisjonsutval 26.02.2024 og styremøte 28.02.2024.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga godkjenner revisor si godtgjersle på kr 1.007.761 for 2023. Av dette gjeld kr 906.425 lovpålagt revisjon, medan kr 101.336 gjeld andre tenester.

Sak 8 Val av revisor

I samsvar med vedtektene § 3-9 skal generalforsamlinga vedta val av ekstern revisor. Gjeldande revisor er Deloitte AS. Deloitte AS har vore revisor sidan 2017 og banken er inne i opsjonsåra i gjeldande kontrakt. Administrasjonen har i samarbeid med revisjonsutvalet gjennomført ei tilbodsrunde, der banken har bedt om tilbod på kontrakt for 3 + 1+ 1 år. Det var to tilbydarar, som begge leverte kvalifiserte tilbod. Tilboda vart vurdert opp mot kriterium gitt i tilbodsinvitasjon, og basert på vurderinga gjort her tilrår styret og revisjonsutvalet å inngå ny kontrakt med Deloitte AS.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga godkjenner val av Deloitte AS som ekstern revisor og gir administrasjonen i banken fullmakt til å inngå kontrakt.

Sak 9 Styret si fråsegn om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette.

Styret skal i medhald av finansføretakslova § 8-3 (1), jf allmennaksjelova § 5-6 (3) og § 6-16a legge fram for generalforsamlinga ei fråsegn om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette med slikt innhald som fastsett i allmennaksjelova § 6-16a.

Fråsegna følgjer som vedlegg nr. 2 til denne saksframstillinga. Det vert vist til fråsegna utan nærmare merknader. Det vert tilrådd at fråsegna vert teken til vitande.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga tar styret si fråsegn om fastsetting av løn og anna godtgjersle til leiande tilsette til vitande slik denne er formulert i vedlegg nr. 2 til denne saksframstillinga.

Sak 10 Styret sine retningslinjer for fastsetting av lønn til leiarar (generalforsamlinga sitt vedtak er rådgjevande).

Styret skal i medhald av finansføretakslova § 8-3 (1), jf. allmennaksjelova § 5-6 legge fram for generalforsamlinga retningslinjer for fastsetting av leiarlønner. Sistnemnde regel i allmennaksjelova gjeld såleis tilsvarende for finansføretak. Generalforsamlinga skal halde ei rådgjevande avstemming over retningslinjene, med unntak for eventuelle retningslinjer for ytingar omtalt i allmennaksjelova § 6-16a, første ledd, tredje punktum nr 3, som gjeld godtgjersle i form av «*tildeling av aksjar, teikningsrettar, opsjonar og andre former for godtgjersle som er knyttet til aksje eller utviklingen av aksjekursen i selskapet eller andre selskaper innenfor same konsernet,...*». Retningslinjer for yting av den type godtgjersle som er utheva med kursiv, skal godkjennast av generalforsamlinga.

Banken sin etablerte politikk og konsept for yting av godtgjersle til leiande tilsette, som skildra i styret si fråsegn om godtgjersle til leiande tilsette i sak 8, vil verte vidareført i rekneskapsåret 2024. Vedlegg 2 i sak 8, vil derfor også vere retningslinjene som er grunnlaget for vedtaket i denne sak 9.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga tilrår at gjeldande retningslinjer for leiarlønner vert vidareførte.

Sak 11 Retningslinjer for tildeling av eigenkapitalbevis, teikningsrettar, opsjonar og andre former for godtgjersle som er knytt til eigenkapitalbevis i sparebanken, til tilsette.

Banken har ei spareordning for tilsette, der tilsette ved kjøp av eigenkapitalbevis i SSF får rabatt i form av tildeling av ekstra eigenkapitalbevis etter to år binding. Nytilsette får eit

gitt tal EK-bevis som ein start på spareordninga. Utover dette har banken ikkje godtgjersleordningar i form av tildeling av eigenkapitalbevis, teikningsrettar, opsjonar eller andre former for godtgjersle knytt til eigenkapitalbevis.

Styret ber om fullmakt til kjøp av egne eigenkapitalbevis med formål om retta sal til tilsette i konsernet og medlem og varamedlem av styret. Ved slikt sal til tilsette vil det bli gitt rabattar til tilsette for å gi incitament til auka eigarskap i banken. Styret har også høve til å tildele ekstrabetalingar i form av EK-bevis til tilsette for inntil 1,5 månadslønn som ein del av banken sin generelle lønnspolitikk. Slik ekstrabetaling skal gjelde for alle tilsette, og skal ikkje gi insentiv til ekstra risikotaking.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga godkjenner retningslinjer for tildeling av eigenkapitalbevis, teikningsrettar, opsjonar og andre former for godtgjersle knytt til eigenkapitalbevis som beskrive over.

Sak 12 Fullmakt til kapitalauke og kjøp av egne eigenkapitalbevis

Sparebanken Sogn og Fjordane har ved årsskiftet ei kapitaldekning på 21,3 % og rein kjernekapitaldekning på 17,8 %. Banken er solid og har god margin til gjeldande regulatoriske krav.

Banken ønskjer å ha beredskap for å hente ny ansvarleg kapital for å oppretthalde og eventuelt styrke denne soliditeten. Styret fekk i generalforsamlingsmøte 30.03.23 fullmakt til å hente inntil 500 millionar kroner i fondsobligasjonar, 600 millionar kroner i ansvarlege lån og 2000 millionar kroner i anna etterstilt gjeld. Vidare fekk styret fullmakt til å kjøpe tilbake eigenkapitalbevis for samla pålydande inntil 150 millionar kroner.

Desse fullmaktene har ei lovbestemt maksimal varigheit på 18-24 månadar. I prinsipp for eigarstyring og selskapsleiing (NUES) er det tilrådd at styrefullmakt til kapitalauke ikkje bør gjelde lenger enn til neste ordinære generalforsamling og bør avgrensast til konkrete formål. Vi ønskjer å tilpasse oss NUES på dette punktet og har derfor lagt oss på ei varigheit fram til neste ordinære generalforsamling, og dermed ei årleg fornying av fullmaktene.

Styret foreslår ei vidareføring av fullmaktene knytt til fondsobligasjonar, ansvarleg gjeld, etterstilt gjeld og tilbakekjøp av eigenkapitalbevis.

Styret inviterer generalforsamlinga til å gi styret fullmakt i tråd med det som er skissert under.

Framlegg til vedtak

1 Fullmakt til å overta egne eigenkapitalbevis:

1. Styret vert gitt fullmakt til å overta egne eigenkapitalbevis for samla pålydande 150 millionar kroner innanfor dei rammer som er fastsette i lov og forskrift. Det minste og høgste beløp som kan betalast for det einskilde eigenkapitalbevis er høvesvis kr 50,- og kr 400,-.
2. Fullmakta skal gjelde til neste ordinære generalforsamling.
3. Den samla pålydande verdi av eigenkapitalbevis som banken eig eller har avtalepant i, skal ikkje overstige 10 prosent av banken sine totale pålydande eigarandelskapital.
4. Før ei eventuell børssnotering kan eigenkapitalbevis kjøpast direkte frå eigar i andrehandsmarknaden. Etter ei eventuell børssnotering skal slikt erverv skje ved kjøp i verdipapirmarknaden via børss.
5. Eigne eigenkapitalbevis kan nyttast til retta sal eller tildeling til tilsette i konsernet og styre- og varamedlem til styret.
6. Fullmakta føreset registrering i føretaksregisteret og Finanstilsynet si godkjenning.

2 Fullmakt til å utferde fondsobligasjonar:

1. Styret vert gitt fullmakt til å utferde fondsobligasjonar med pålydande verdi inntil 500 millionar kroner
2. Fullmakta til slik utferding gjeld til neste ordinære generalforsamling.

3 Fullmakt til å utferde ansvarleg lån:

1. Styret vert gitt fullmakt til å utferde ansvarleg lån med pålydande verdi inntil 600 millionar kroner.
2. Fullmakta til slik utferding gjeld til neste ordinære generalforsamling.

4 Fullmakt til å utferde etterstilt gjeld (Tier 3-gjeld):

1. Styret vert gitt fullmakt til å utferde etterstilt gjeld utover ansvarleg lån og fondsobligasjonar med pålydande verdi inntil 2.000 millionar kroner.
2. Fullmakta til slik utferding gjeld til neste ordinære generalforsamling.

Sak 13 Val av styremedlemer

Sak 13.1 Val av medlemer og varamedlem til styret med unntak av medlemer og varamedlemer som vert valde av dei tilsette.

I samsvar med vedtektene § 4-1 og § 5-1 og instruks for valnemndene i SSF, legg valnemnd for generalforsamlinga fram forslag til styresamansetjing frå 2024.

Styremedlemmer som er på val i år er Geir Opseth og Monica Rydland, samt 1. varamedlem Jan Nikolai Hvidsten. Magny Øvrebø er på val som nestleiar.

Valkomiteen føreslår attval på 1. varamedlem Jan Nikolai Hvidsten.

Vidare føreslår valkomiteen Silje Skaar Sunde frå Førde og Vegard Strand frå Dale, som nye medlemmer i styret, og gjer framlegg om at Magny Øvrebø vert attvald som nestleiar i styret for to år.

Orientering om kompetanse m.m. for nye styremedlemmer:

Silje Skaar Sunde:

Silje Skaar Sunde har master i revisjon og rekneskap og master i økonomi og administrasjon frå Norges Handelshøyskole. Ho leiar i dag forvaltning og utbygging av energiselskapet BKK AS, og er ein del av selskapet si toppleiargruppe. Sunde har også vore seniorrådgjevar og leiar av avdeling for strategi og berekraft i Eviny AS. Ho har fleire års erfaring som økonomidirektør i Sunnfjord Energi AS. Ho har vore seniorrådgjevar i Stiftelsestilsynet og konsulent og revisor i PwC AS. Sunde har styreerfaring frå energiselskap, tomteselskap, NHO Vestland og sit no i styret til Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

Vegard Strand:

Vegard Strand er utdanna som eigedomsmeklar og vart statsautorisert meklar i 1996. Han har mellom anna jobba som meklar og dagleg leiar i Eigedomsmeklar Sogn og Fjordane. Han har vore direktør i Gravdal-gruppa og er p.t. dagleg leiar i bustadutviklingsselskapet Åsen & Øverlid Utvikling. Han har vore næringssjef i Fjaler kommune. Strand har, og har hatt, ei rekkje relevante verv, mellom anna i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane der han no er styreleiar, ulike bustadutviklingsselskap, energiselskap og investeringsselskap.

Valkomiteen sitt framlegg til vedtak for val av styremedlemmer for 2 år:

Val av styremedlemmer:

Silje Skaar Sunde - ny

Vegard Strand - ny

Val av 1. vara til styret for 2 år:

Jan Nikolai Hvidsten – attval

Val av nestleiar i styret for 2 år:

Magny Øvrebø – attval

Sak 13.2 Orientering om val av tilsette sine representantar til styret

Tilsette kan krevje to styrerepresentantar med varamedlemer. Det er berre tilsette som kan fremje forslag og stemme ved val av tilsette sine representantar til styret.

Dei tilsette som er på val i år er Ole Martin Eide som medlem, og Jo Dale Pedersen som varamedlem.

Resultat frå valet blant dei tilsette

Tilsettere representant til styret for 2 år:

Ole Hermann Rognsøy (ny)

Varamedlem i 2 år:

Bjørn Egil Holmøyvik (ny)

Sak 14 Val av medlemmer og varamedlemmer til valnemnd for generalforsamlinga for 2 år

I dag er valnemnda sett saman av følgjande medlemmer:

Tore Thorsnes, innskytarvald

Marit Lofnes Mellingen (leiar), EKB-representant

Roger Svarstad, tilsettere representant

Varamedlemmer:

Christine Nikøy Rogne, Dale, innskytarvald

Randi Engen, Guddal, EKB-representant

Anita Hagen Lægreid, tilsettere representant

I år er tilsettere representant Roger Svarstad på val som medlem, og tilsettere representant Anita Hagen Lægreid på val som varamedlem.

Resultat frå valet blant dei tilsette:

Tilsettere representant valnemnd for 2 år:

Roger Svarstad (attval)

Tilsettere representant vara til valnemnd for 2 år:

Marie Heieren (ny)

Sak 15 Fastsetjing av godtgjersle og honorar til tillitsvalde

På generalforsamlinga i 2023 vart det gjort ei flat justering på 5% av alle faste godtgjersler og ingen justering av møtegodtgjersle. Dette vart grunngjeve i løns- og prisveksten elles i samfunnet. I år har valnemnda henta inn tal frå andre bankar det er naturleg å samanlikne seg med. Valnemnda vurderer at dei faste godtgjerslene til styreleiar og nestleiar ligg noko under nivået i samanliknbare styrer, samt at det er behov for å halde tritt med pris- og lønsveksten elles i samfunnet. Det er viktig at det er samsvar mellom ansvar, arbeidsmengd, kompetansekrav og kompensasjon. Samtidig skal nivået på godtgjerslene i banken vere nøkternt, men samtidig konkurransedyktig. Difor tilrår valnemnda Generalforsamlinga å gjere ei moderat justering av den faste godtgjersla til leiar og nestleiar i styret, samt ei harmonisering og justering av alle andre godtgjersler, både faste og pr møte, i tråd med forventa løns- og prisvekst. Møter under 2 timar gir halv takst som tidlegare.

Valkomiteen sitt forslag til endring av godtgjerslesatsane er markert med raud skrift i kolonnene til høgre i tabellen.

	Sats pr år 2023	Pr møte 2023	Sats pr år 2024	Pr møte 2024
Generalforsamling:				
Leiar	31 500	4 000	33 000	4 000
Medlemer		3 500		4 000
Varamedlemer		3 500		4 000
Styret:				
Leiar	210 000	5 000	260 000	5 500
Nestleiar	115 500	5 000	145 000	5 500
Medlemer	94 500	5 000	100 000	5 500
Varamedlemer		8 000		8 500
Valnemnd generalforsamlinga:				
Leiar	31 500	4 000	33 000	4 400
Medlemer	5 500	4 000	6 000	4 400
Varamedlemer		4 000		4 400
Valnemnd EKB eigarar:				
Leiar			6 000	4 400
Medlemer				4 400
Varamedlemer				4 400
Kompensasjonsutval:				
Leiar	10 500	4 000	11 000	4 400
Medlem	5 500	4 000	6 000	4 400
Revisjonsutval:				
Leiar	21 000	4 000	22 000	4 400
Medlem	10 500	4 000	11 000	4 400
Risikoutval:				
Leiar	21 000	4 000	22 000	4 400
Medlem	10 500	4 000	11 000	4 400

Framlegg til vedtak:

Honorarsatsar til tillitsvalde blir endra i samsvar med tabellen over.